STATENS NATUR OPPSYN

Rapport 24 - 2005

Hardangervidda villreinområde

Oppsynsrapport for villreinjakta 2005



Foto: Knut Nylend

SNO, Direktoratet for naturforvaltning

Innhald

1 OPPSYNSORGANISERING 4
1.1 FELLES OPPSYNSSENTRAL PÅ SKINNARBU 4
1.2 MILJØOVERVAKING 4
1.3 MANNSKAP 5
2 STATISTIKK 6
3 KOMMENTARAR TIL VILLREINJAKTA 2005 7
3.1 PRIORITERING 7
3.2 GENERELT OM JAKTA 7
3.3 KONTROLLKORTORDNINGA (HERUNDER OVERGANGSORDNINGAR) 7
3.4 NATTEFREDING (PÅ STATSALLMENNINGAR DER DETTE ER VEDTATT) 7
3.5 JAKTLAG 7
3.6 SALSKONTRAKTER 7
3.7 VÅPENHÅNDTERING OG AMMUNISJON (HERUNDER KONTROLL AV BLYHAGLFORBODET) .. 8
3.8 FREDINGSSONER/ TELTFORBODSSONER OSV 8
3.9 JEGERKONSENTRASJONAR/JAKTUTØVING/JEGEROPPFØRSEL 8

Vedlegg

1 Pressemelding
2 Fellingsstatistikk

1 Oppsynsorganisering

Naturoppsynet på Hardangervidda er ei samhandling mellom Statens Naturoppsyn, Hardangervidda Fjelloppsyn AS og Hordaland, Nordre Buskerud og Telemark politidistrikt

1.1 Felles oppsynssentral på Skinnarbu

Sentralen betjener desse villreinområda:
Hardangervidda, Setesdal/Ryfylke, Brattefjell/Vindeggen, Norefjell/Reinsjøfjell, Blefjell og Nordfjella.
Her har naturoppsynet vore tilgjengelege for informasjon til jegerar i alle desse villreinområda mellom kl 0800 og kl l2000 kvar dag i jakta.
Det har vore ein servicetelefon med generell informasjon og rettleiing. Det har og vorte gjeve dyremeldingar i den grad kapasiteten har tillete dette. Samstundes har oppsynssentralen fungert som eit kontaktpunkt mellom forvaltningen med omsyn til fallvilt, skadeskotne dyr, omsetnad av valdkart og liknande. Det er registrert 1102 samtaler over denne telefonen under villreinjakta.

1.2 Miljøovervaking

Det er samla inn kjøttprøver for NINA i samband med måling av radioaktivitet i villrein. Kjeveinnsamlinga vart lite resultat på i år, då kjevelappar ikkje hadde vorte sendt ut til valda i rett tid.

1.3 Mannskap

Fygjande mannskap har utført teneste i samband med villreinjakta:

Terje Kvalvik	**Hordaland pd**
Torleif Fresvik	**”**
Per Helge Sekse	**”**
Terje Mala	**”**
Svein Buer	**”**
Monica Lorentzen	**”**
Torstein Tylden	**”**
Thov Thorsrud	**Nordre Buskerud pd**
Erling Melbye	**”**
Anne Guri Rustgard	**”**
Arve Bjerke	**”**
Bjørn Lande	**”**
Jarle Dalseide	**”**
Simon Brennhaugen Jakobsen	**”**
Torgeir Vestgarden	**Telemark pd**
Gjermund Ingolfsland	**”**
Knut Nygård	**”**
Birger Glosimot	**”**
Christin Vindvik Hanssen	**”**
Bård Fjermestad	**”**
Georg Gjøstein	**Hardangervidda Fjelloppsyn as**
Trine Hilstad	**”**
Helge Bitustøyl	**”**
Kåre Hallingstad	**”**
Hans Jørgen Jahren	**”**
Irene Bjåen	**”**
Lars Inge Enerstvedt	**Statens Naturoppsyn**
Knut Nylend	**”**
Reidar Johan Sandal	**”**

Patruljene var i hovudsak samansette av to og to tenestemenn/kvinner. Arbeidet var som tidlegare lagt opp til ei turnusordning der ein var i felt frå 5 - 8 dagar, og fri inntil 6 dagar. Det var byttedag kvar onsdag. Dei fleste helgane blei oppsynet forsterka med ei til to patruljer. Politiets helikopterteneste vart nytta av og til for bytting av mannskap.

2 Statistikk

Timeverk:

	Antal timar
Timeverk i felt	2055
Timeverk klargjering, venting, reiser osv.	510
Timeverk kontorarbeid, rapportskriving,	551
Sum timeverk jakta 2005.	3116

Antal kontrollerte/informerte:

	Kontrollerte	Informerte
Viltlov med forskrifter (villreinjegerar)	214	254
Viltlov med forskrifter (småviltjegerar)	60	40
Naturvernlov (vernereglar for Hv. nasjonalpark)	10	25
Lov om motorferdsel (utanfor nasjonalparken)	20	8
Innlandsfiskelova	14	11
Våpenlova	8	19
Luftfartslova		
Vegtrafikklova		
Andre lovverk?		

Antal anmeldte/ advarslar(OPS):

	Anmeldte	Adv/OPS
Viltlov med forskrifter (villreinjakt)	1	1
Viltlov med forskrifter (småviltjakt)		
Naturvernlov (vernereglar for Hv nasjonalpark)	1	
Lov om motorferdsel (utanfor nasjonalparken)		
Innlandsfiskelova		
Våpenlova		2
Luftfartslova		
Vegtrafikklova		
Andre forhold?		

Skadde dyr:

Antal skadd rein sett av oppsyn	36
Antal skadd rein avliva av oppsyn	1
Antal daud rein funne av oppsyn	2
Melding om skadd rein sett av jeger	15
Melding om skadd rein avliva av jeger	7
Melding om daud rein funne av jeger	7

3 Kommentarar til villreinjakta 2005

3.1 Prioritering

Oppsynsoppgåvene vart prioritert slik:

- Førebygging, rettleiing og informasjon
- Kontroll med at jakta vart utført på ein human måte, og at ettersøk av påskotne dyr vart utført.
- Kontroll med retta avskyting

3.2 Generelt om jakta

I starten av jakta var flokkane stort sett konsentrert omkring midtområdet på Hardangervidda. Det var flokkar både sør og nord for Kvenna i dette området. Like eins var der ein del dyr lenger sørvest. Det var liten bevegelse på dyra stort sett i heile jakta. Nokre flokkar bevega seg noko vestover midt i jakta, slik at det vart felt litt dyr både i Ullensvang, Odda og Eidfjord. Mot slutten av jakta var flokkane attende ved Songa, Hellevatn og Haukelisæter.

3.3 Kontrollkortordninga (herunder overgangsordningar)

Fleire av oppsynsrapportane tar opp problemstillinga omkring slakt som ligg umerka i terrenget. Dette kan av og til føre til at ein må vente lenge før jegeren dukkar opp for å merke dyret. Kontrollmessig kan dette vera ei utfordring.
Ordninga om overføringskort bør kunngjerast på ein betre måte før neste år. Det vil vera hensiktsmessig å få alle krava til rett overføring inn på kontrollkortet, slik at det minimaliserar bruken av kopiar i tillegg til kontrollkortet.
Det er framleis manglande underskrifter på ein del kontrollkort.

3.4 Nattefreding (på statsallmenningar der dette er vedtatt)

Det har ikkje vorte rapportert om brot på desse bestemmelsane på dei områda som har vedtatt nattefreding.

3.5 Jaktlag

Det har ikkje vore noko kommentarar i høve til jaktlag i år.

3.6 Salskontrakter

Dette ser ut til å vere den mest rasjonelle ordninga for å få omsett og nytta kjøtt som elles kanskje ville ha vorte liggande. I år er det registrert nokre tilfelle av at jeger som har avliva skadde dyr, har tatt dyret under transport, utan fyrst å ha gjeve melding om dette til rett myndigheit.

3.7 Våpenhåndtering og ammunisjon (herunder kontroll av blyhaglforbodet)

Dette har vore bra i år. Kun to OPS på manglande våpenkort. Det er ikkje registrert bruk av blyhagl under småviltjakta i år. Dette var fokusert ein del på før jakta starta, men oppsynet har ikkje registrert brot på dette.

3.8 Fredingssoner/ teltforbodssoner osv

Det er lite kommentarar på dette i oppsynsrapportane. Det ser ut til at dette i det store og heile vert respektert på ein grei måte.

3.9 Jegerkonsentrasjonar/Jaktutøving/Jegeroppførsel

Det er ikkje kommentert noko om uheldige situasjonar i høve til dette i år.
Det har vore jegerkonsentrasjonar i enkelte områder også i år, men det er ikkje registrert uheldige situasjonar som fylgje av dette.

Odda/Skinnarbu 09.11.05

Terje Kvalvik
Politioverbetjent

Knut Nylend.
Fung.koord. SNO

Vedlegg 1

Felles pressemelding 23.11.05.

Naturoppsynet under villreinjakta på Hardangervidda 2005.

Villreinjakta på Hardangervidda- leveområdet for Europas største villreinstamme- vart avslutta 30. september etter å ha vart i 6 veker. Enkelte av statsalmenningane hadde noko kortare jakttid. Fellingskvoten for Hardangervidda var i år 2500 dyr.

Naturoppsynet har prioritert oppgåvene slik:

- Førebygging, rettleiing og informasjon.
- Kontroll med at jakta vart utført på ein human måte, og at ettersøk av påskotne dyr vart utført.
- Kontroll med retta avskyting.

Naturoppsynet har i år registrert 2 lovbrot. Dette er eit lovbrot mot jakt på feil område, og eit mogeleg lovbrot mot ulovleg motorferdsle med helikopter i nasjonalparken.
Dette visar at dei aller fleste jegrane jaktar på ein forsvarleg måte. Det er og eit inntrykk at med færre fellingsløyver og av det færre jegrar, vert det ei rolegare jakt. Det er og eit inntrykk av at med betre opplæring av fyrstegongsjegerane fører dette på sikt til at graden av human og sikker jakt på Hardangervidda aukar.

Oppsynet har i år avliva færre skadde dyr ein vanleg i jakttida. Nokre skadde dyr er avliva av jegerar. Naturoppsynet vil framleis minne jegerane om at det er viktig med ettersøk av påskotne dyr der desse ikkje fell umidelbart.
Like eins vil oppsynet minne om at avliva skadde dyr som ikkje vert tatt på eigen kvote, ikkje vert flytt på før ein har avklart dette med rett myndighet.

Naturoppsynet på Hardangervidda er ei samhandling mellom Statens naturoppsyn, Hordaland politidistrikt, Nordre- Buskerud politidistrikt, Telemark politidistrikt og Hardangervidda fjelloppsyn a/s. Oppsynssentralen er som før lokalisert til nasjonalparksenteret på Skinnarbu. Som tidlegare år har det vore tilknytta fleire villreinområder til denne sentralen. Dette er, i tillegg til Hardangervidda; Setesdal/Ryfylke, Nordfjella, Brattefjell/Vindeggen, Norefjell/Reinsjøfjell og Blefjell. Denne sentralen har vore tilgjengeleg for jegerane på tlf 81532450 mellom klokka 0800-2000 kvar dag i jakta. Dette har vore ein servicetelefon med generell informasjon og veiledning. Det vart registrert totalt 1102 telefonar over denne telefonen i jakta.

Villreinnemda for Hardangervidda melder om at fellingsresultatet for 2005 blir framlagt på oppsummeringsmøtet i november. **Oppsummeringsmøtet etter villreinjakta blir i år halde den 26. november på Rauland Høgfjellshotell, Rauland.**

Kontaktpersonar:
Koordinator for Politiet: Terje Kvalvik, Odda, tlf. 53651500/ 95023580
Koordinator for SNO Hardangervidda: Knut Nylend, Skinnarbu, tlf. 35081251/ 99529387

FELLING HARDANGERVIDDA 2005

Kommune	Tildelt	Kalv hann	Kalv hunn	1 ½ bukk	1 ½ simle	Simle	Bukk	TOTALT	
	Total/frie dyr/s&u/kalv							Antal	%
Vinje	472 / 188 / 165 / 119	25	20	15	30	61	149	300	36,1 %
Nore og Uvdal	451 / 181 / 159 / 111	4	2	3	4	19	30	62	7,5 %
Ullensvang	322 / 129 / 113 / 80	8	5	12	8	25	52	110	13,2 %
Eidfjord	374 / 150 / 131 / 93	3	5	6	2	15	25	56	6,7 %
Tinn	357 / 143 / 125 / 89	5	2	6	3	15	56	87	10,5 %
Ulvik	93 / 37 / 33 / 23	1	2	3	0	2	11	19	2,3 %
Odda	296 / 118 / 104 / 74	16	13	8	8	45	79	169	20,3 %
Hol	120 / 49 / 40 / 31	2	0	2	1	8	15	28	3,4 %
Aurland	8 / 2 / 3 / 3	0	0	0	0	0	1	1	0,1 %
Rollag	7 / 3 / 3 / 2	0	0	0	0	0	0	0	0 %
Totalt	2500 / 1000 / 875 / 625	**64**	**49**	**55**	**56**	**190**	**418**	**832**	**100 %**